

**Kvam herad**  
**KVAM FORMANNSKAP**

**Tilleggsinnkalling**

**Møtedato:** 08.06.2022  
**Møtestad:** Kvam rådhus  
**Møtetid:** Kl 09:00

Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.  
Forfall skal meldast til fellessekretariatet, tlf. 56 55 30 00 eller per e-post til [politisk.sekr@kvam.kommune.no](mailto:politisk.sekr@kvam.kommune.no)

**Sakliste**

| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel                                                                                        |
|---------|----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 062/22  | 21/10802 | Etablering av helsefellesskap- overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1                      |
| 063/22  | 21/13185 | Forskrift om handtering av hushaldavfall i Kvam herad - ny handsaming                             |
| 064/22  | 22/2254  | Høyringsuttale frå Kvam herad - NOU 2022: 3 På trygg grunn - Bedre håndtering av kvikkleirerisiko |
| 065/22  | 21/10020 | Kvam herad -uttale til høyring av forslag om korallrev som utvald naturtype                       |
| 066/22  | 22/1627  | Søknad om nytt skjenkeløyve, Breievne Gard Bærbar                                                 |
| 067/22  | 22/1627  | Søknad om salsløyve, Breievne Gard                                                                |
| 068/22  | 21/13497 | Vederlagsfri omgjerung av friluftsområde i Kvam -endeleg vedtak                                   |

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

| Utval            | Møtedato   | Saknr  |
|------------------|------------|--------|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 062/22 |
| Kvam heradsstyre |            |        |

|                             |                             |              |
|-----------------------------|-----------------------------|--------------|
| Avgjerd av:                 | Arkiv: N-104, HistNR-16/421 | Arkivsaknr   |
| Saksh.: Botnen, Åslaug Bøhn | Objekt:                     | 21/10802 - 7 |

### Etablering av helsefellesskap- overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradstyre vedtek *Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1* mellom kommunane i Helse Bergen sitt føretaksområde, Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale sykehus AS, NKS Olaviken alderspsykiatriske senter AS, Solli distriktskykiatriske senter, Betanien sjukehus AS og Voss distriktskykiatriske senter NKS Bjørkeli.

#### Samandrag:

I oktober 2019 inngjekk Solberg-regjeringa og KS avtale om etablering av helsefellesskap i dei 19 helseføretaksområda. Målet er å skapa meir samanhengjande og bærekraftige helse- og omsorgstenester til pasientar som har behov for tenester frå både spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Helsefellesskapa skal særleg prioritera og utvikla tenester til sårbare pasientgrupper.

Kommunar og helseføretak skal inngå samarbeidsavtale og konkretisera korleis:

- gjennomføra felles planlegging av tenester til pasientar med behov frå begge tenestenivå
- involvere kvarandre i eige planarbeid

Helse Bergen og dei 18 kommunane i føretaksområdet har lang og god tradisjon for samarbeid og samhandling og gjeldande samhandlingsstruktur vart etablert allereie i 2009.

Ei partssamansett arbeidsgruppe har hatt ansvar for å revidera overordna

samarbeidsavtale.

Det har vore god dialog med kommunane, samarbeidsutvala, brukarutval, fastlegar og tillitsvalte i kommunane. Framlegg til revidert overordna samarbeidsavtale vart lagt fram på det årlege Toppleiarmøtet i april 2022.

Det er gjort fleire endringar i ny overordna samarbeidsavtale for å tilpassa avtalen til nasjonale føringar og lokale behov spelt inn av partane.

Avtalen peikar ut den strategiske retninga for samhandlinga i helsefellesskapet, og konkretiserer det overordna rammeverket for samarbeidet mellom kommunane og deira fastlegar, spesialisthelsetenesta og brukarar.

Avtalen sine økonomiske og administrative konsekvensar er knytt til frikjøp av fastlegar og brukarrepresentantar, partane si deltaking i faste samarbeidsmøte og arbeidsgrupper, finansiering av ressursar til Samarbeidssekretariatet og drift av felles nettside.

#### **Vedlegg i saka:**

| <b>Dok.id</b> | <b>Tittel</b>                                                                         |
|---------------|---------------------------------------------------------------------------------------|
| 54942         | Etablering av helsefellesskap - Overordnet samarbeidsavtale og tenesteavtale 1(88008) |

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn**

23. oktober 2019 inngjekk Solberg-regjeringa og KS avtale om etablering av helsefellesskap i dei 19 helseføretaksområda. I helsefellesskapa skal representantar frå kommunane, helseføretaka, lokale fastlegar og brukarar møtast for å planleggja og utvikla helse- og omsorgstenestene i fellesskap.

Helsefellesskap er eitt av dei strategiske hovudgrepa i Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023. Prinsipp for samarbeid og samhandling skal konkretiserast og organiseringa av samhandlinga skal klargjerast.

Målet med etablering av helsefellesskap er å skapa meir samanhengjande og bærekraftige helse- og omsorgstenester til pasientar som har behov for tenester frå både spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Helsefellesskapa skal særleg prioritera og utvikla tenester til sårbare pasientgrupper og finna løysingar tilpassa lokale forhold og behov.

Dei fire prioriterte pasientgruppene som helsefellesskapet skal utvikla gode tenester for er:

- Barn og unge
- Personar med alvorleg psykisk liding og rusproblem
- Skrøpelege eldre
- Personar med fleire kroniske lidingar

Kommunar og helseføretak skal inngå samarbeidsavtale i tråd med Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 6-1 og Lov om spesialisthelsetjenesten § 2-1 e.

For å understøtte dette er det innført nytt lovkrav om at samarbeidsavtalen skal konkretisera korleis partane skal:

- gjennomføra felles planlegging av tenester til pasientar med behov frå begge tenestenivå

- involvere kvarandre i eige planarbeid

Helse Bergen og dei 18 kommunane i føretaksområdet har lang og god tradisjon for samarbeid og samhandling. Gjeldande samhandlingsstruktur vart etablert allereie i 2009 og er regulert i overordna samarbeidsavtale. Samarbeidet og samhandlinga byggjer på sentrale prinsipp og strategiske grep nedfelt i felles grunnlagsdokument. Strategiske grep og konkretisering av tiltak skjer gjennom utarbeiding av felles årleg handlingsplan.

#### Om revisjonsarbeidet

Arbeidet med å revidera overordna samarbeidsavtale starta i dei fire samarbeidsutvala i mai 2021. Målet med arbeidet var å formalisera etableringa av helsefellesskap og gjera nødvendige tilpassingar i dei lokale avtalane i tråd med nasjonale føringar og lokale behov. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å utarbeide forslag til revidert overordna samarbeidsavtale. Følgjande personar har delteke i arbeidsgruppa:

- Randi-Luise Møgster - viseadm.dir ved Helse Bergen, leiar av arbeidsgruppa
- Kjerstin Fyllingen - adm.dir ved Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Anders Hovland – direktør ved Solli DPS
- Trond Egil Hansen - kommuneoverlege i Bergen kommune og leiar av SU Bergen
- Rønnaug Frøiland - direktør i etat for psykisk helse og rustenester i Bergen kommune
- Monica Totland Melvold - kommunalsjef helse og velferd i Bjørnafjorden kommune og leiar av SU Bergensregionen
- Inger C. Uglenes - kommuneoverlege i Austevoll kommune
- Tord Moltumyr - tenesteleiar helse i Alver kommune og leiar av SU Nordhordland ( erstatta av Oddvin Neset - helse- og omsorgsleiar i Masfjorden kommune og ny leiar av SU Nordhordland hausten 2021)
- Ørjan Raknes Forthun - rådmann i Alver kommune
- Åslaug Bøhn Botnen - helse- og omsorgssjef i Kvam herad og leiar av SR Voss
- Åshild Lussand Sønsteby - kommunalsjef for helse og omsorg i Ulvik herad
- Ida Carlsen Eide, brukarutvalet i Helse Bergen
- Rune Skjælaaen, eldrerådet i Bergen kommune

Samarbeidssekretariatet (SSe) har vore sekretariat for arbeidsgruppa.

#### Om revisjonsprosessen

Arbeidsgruppa har gjennomført til saman 5 møter i tidsrommet juni 2021 til april 2022. Det har vore god dialog med dei fire samarbeidsutvala i prosessen. Arbeidsgruppa har innhenta innspel frå brukarutval, fastlegar og tillitsvalte i kommunar og sjukehus. Det vart også gjennomført to innspelsrundar i kommunane og spesialisthelsetenesta. Innspela er innarbeidd i revidert overordna avtale. Framlegg til revidert overordna samarbeidsavtale vart lagt fram for den politiske og administrative leiinga i kommunane og spesialisthelsetenesta på det årlege Toppleiarmøtet i april 2022. Endringane i revidert overordna samarbeidsavtale er av eit slikt omfang at det vart tilrådd at partane skulle vurdera handsaming i kommunestyra og i styra i spesialisthelsetenesta. Det er eit mål at avtalen er ferdig handsama og signert innan 1. juli 2022.


Ved å inngå overordna avtale med tilhøyrande tenesteavtalar og særavtalar vert den lovpålagde plikta til å inngå samarbeidsavtale oppfylt. Avtalen er juridisk bindande, jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 6-1 og Lov om spesialisthelsetjenesten § 2-1 e.

#### Endringar i revidert overordna samarbeidsavtale.

Det er gjort fleire endringar i ny overordna samarbeidsavtale for å tilpassa avtalen til nasjonale føringar for helsefellesskap og lokale behov spelt inn av partane.

Dei mest sentrale endringane i revidert overordna samarbeidsavtale er:

- prioritering av sårbare målgrupper og felles planlegging og styring av helsetenester
- formalisering av samhandlingsstruktur med 4 ulike nivå: Partnerskapsmøte, Strategisk samarbeidsutval (SSU), Områdeutval (OU) og Faglege samarbeidsutval (sjå figur under)
- innføring av eit nytt overordna strategisk nivå i samhandlinga gjennom SSU. SSU skal medverke til å skapa betre og meir forpliktande avgjerdsprosessar knytt til prinsipielle saker i samhandlinga som gjeld heile helsefellesskapet. Dei 4 områdeutvala (OU) skal ivareta behovet for dialog mellom kommunar og lokalsjukehus/ spesialisthelsetenesta med aktuelt sektoransvar, og sikra oppfølging av saker som er geografisk avgrensa til eitt kommuneområde
- tenesteavtale 1 er tatt inn i revidert overordna samarbeidsavtale slik at generelle føringar og prinsipp som gjeld uavhengig av tenesteområde er samla ein stad i avtaleverket
- fastlegerepresentasjon i alle organ på alle nivå
- styrking av brukerrolla i samhandlinga. Det skal vere to brukarrepresentantar i alle organ på alle nivå. Brukarrepresentantane skal også medverke til å prioritera kva saker som skal handsamast i SSU
- delt leiarskap i Samarbeidssekretariatet (SSe) mellom kommunane og spesialisthelsetenesta



**Vurdering:**

Avtalen peikar ut den strategiske retninga for samhandlinga i helsefellesskapet, og konkretiserer det overordna rammeverket for samarbeidet mellom kommunane og deira fastlegar, spesialisthelsetenesta og brukarar.

Strategiar og føringar i revidert overordna samarbeidsavtale skal konkretiserast og iverksetjast gjennom årleg handlingsplan vedteke av SSU. Årleg felles handlingsplan skal byggja på overordna føringar frå partnarskapsmøtet og sikra at helsetenestene i helsefellesskapet vert utvikla i tråd med både nasjonale og lokale styringssignal.

Det er eit mål at strukturen og samarbeidet er tilstrekkeleg dynamisk til å kunne tilpassast endringar i behov, føresetnader og føringar over tid. Dette vert mellom anna sikra ved å gje SSU mandat til å oppretta og avvikla faglege samarbeidsutval, nettverk og arbeidsgrupper. Det er i dei faglege samarbeida den konkrete samhandlinga om brukarar og pasientar skal utviklast. Både brukarar og fastlegar skal medverka i dette utviklingsarbeidet.

Revidert overordna samarbeidsavtale skal framfor alt resultera i eit betre tenestetilbod til pasientar og brukarar i helsefellesskapet. Det skal i tråd med nasjonale føringar vere eit særleg fokus på å utvikla gode tenester for barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar. Prioriteringa av dei fire brukargruppene i helsefellesskapet er eit grep som kan medverka til utjamning av sosial ulikskap i helse. Partane har inngått ein eigen tenesteavtale om samarbeid om førebygging.

### Økonomiske og administrative konsekvensar

Avtalen sine økonomiske og administrative konsekvensar er knytt til:

- frikjøp av fastlegar og brukarrepresentantar
- partane si deltaking i faste samarbeidsmøte og arbeidsgrupper
- finansiering av ressursar til Samarbeidssekretariatet
- drift av felles nettside

Partane i helsefellesskapet dekkjer sjølve sine utgifter. Kostnadar som partane er samde om skal finansierast i fellesskap, vert delt likt mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Den kommunale delen vert fordelt mellom kommunane etter folketal. Det er etablert eit felles samarbeidssekretariat (SSe) med ein kommunal representant frå kvart av dei fire etablerte kommuneregionane, samt ein representant frå Haraldsplass Diakonale Sykehus og to representantar frå Helse Bergen.

Dei 18 kommunane i helsefellesskapet har fått innvilga eit tilskot frå Helsedirektoratet på 510.500 NOK i 2022 til ein felles kommunal sekretariatsfunksjon. Tilskotsummen er i 2022

likt fordelt mellom arbeidsgjevarkommunane til dei 4 kommunale ressursane i sekretariatet, og kjem i tillegg til den kommunale eigenfinansieringa (som i sum utgjer 115% årsverk i 2022). Det er mogleg å søkja på tilskot i 2023 også.

Partane må vurdere om sekretariatet er tilstrekkeleg dimensjonert til å ivareta oppgåvene som ligg i avtaleverket.

Rådmannen legg fram til politisk handsaming Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1 som beskriv overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet.

Avtalen gjeld mellom kommunane i Helse Bergen sitt føretaksområde, Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale Sykehus AS, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus AS, Solli distriktpsikiatriske senter, Betanien sykehus AS, og Voss Distriktpsikiatriske Senter NKS

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

| Utval            | Møtedato   | Saknr  |
|------------------|------------|--------|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 063/22 |
| Kvam heradsstyre |            |        |

|                      |              |              |
|----------------------|--------------|--------------|
| Avgjerd av:          | Arkiv: N-573 | Arkivsaknr   |
| Saksh.: Ur, Lars Ese | Objekt:      | 21/13185 - 2 |

### Forskrift om handtering av hushaldavfall i Kvam herad - ny handsaming

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

*Kvam heradsstyre vedtek «Forskrift om handtering av hushaldsavfall i Kvam herad» slik den ligg føre i saka.*

#### Samandrag:

Innsamlinga av hushaldavfall i kommunen vert i dag utført at BIR AS, og regulert av gjeldande «Forskrift om handtering av avfall frå hushald». Forskrifta vart vedtatt av Kvam heradsstyre den 8.10.2013, og trådte i kraft frå 1.3.2014.

Forskrifta må nå endrast, og BIR gjennomførte derfor ei administrativ høyring av forslag til ny forskrift i 2018. Kvam herad valde å handsame høyringa politisk, og Kvam heradsstyre gav uttale til forskrifta i sak 086/18.

Hausten 2021 vart endeleg forslag til forskrift meldt opp til handsaming i Kvam heradsstyre, men trekt i sak HST 131/21, etter at BIR den 7.12.2021 ba om at saka vart utsett. Bakgrunnen for BIR sitt ynskje om utsetting var at det hadde oppstått spørsmål ved om forskrifta kunne få konsekvensar for kven som plikta å betala avfallsgebyr.

Spørsmålet er i ettertid avklara, og den 21.1.2022 sendt BIR ny epost med oppmoding om at



*«den lokale avfallsforskriften» får «sin endelige sluttbehandling og kunngjøring».*

Rådmannen har derfor på nytt meldt saka opp til politisk handsaming.

Rådmannen meiner at dei tilhøve som vart påpeika i Kvam heradsstyre sin uttale i 2018 framleis kan gjera seg gjeldande i dagens framlegg til forskrift. Innspela i uttalen er likevel ikkje av ein slik karakter at rådmannen meiner forskriftsteksten bør endrast på dette punkt, men ser at det kan verta naudsynt for kommunen å fylgje opp korleis renovasjonsføretaket praktiserar denne føresega i ettertid.

Slik rådmannen ser det, er det behov for ei forskrift som gjev tydeleg heimel, rettleiing og ein pårekeleg situasjon for innbyggjarar og utbyggjarar i kommunen. Det endelege forslaget til forskrift tek omsyn til dette, og til liks med tidlegare høyringsforslag ser det ikkje ut til å medføre store endringar for Kvam herad sin del. Rådmannen tilrår derfor at forskrifta vert vedtatt slik den ligg føre.

#### **Vedlegg i saka:**

| <b>Dok.id</b> | <b>Tittel</b>                                                                     |
|---------------|-----------------------------------------------------------------------------------|
| 53482         | NY LOKAL AVFALLSFORSKRIFT - NY VIKTIG MELDING - AVKLARING<br>FORELIGGER           |
| 53483         | 21-00027-19 Vedrørende hjemmelsgrunnlag for beregning av gebyr<br>414482_1_1      |
| 53479         | Ny lokal avfallsforskrift - vi ber om at endelig vedtak utsettes - viktig melding |
| 53480         | Vedlegg Oversendelsesnotat nr 1 fra BIR AS Avfallsforskrift husholdning           |
| 53481         | Oversendelsesnotat fra BIR AS Avfallsforskrift husholdning                        |
| 16378         | Forskrift om handtering av hushaldavfall i Kvam herad                             |
| 16387         | Ny forskrift om hushaldavfall                                                     |
| 16388         | Eksisterande forskrift om hushaldsavfall                                          |
| 16389         | Oversendelsesnotat fra BIR AS Avfallsforskrift husholdning                        |
| 16434         | Tidlegare høyringsforslag                                                         |
| 16435         | Høyringssuttale til adm. høyring                                                  |

#### **Saksopplysningar:**

Kvam herad gav Bergensområdets interkommunale renovasjonsselskap (BIR AS) einerett til innsamling av kommunens husholdingsavfall i sak 044/10. Innsamlinga vert i dag regulert av

eigarkommunane si felles forskrift, «Forskrift om handtering av avfall frå hushald».

Forskrifta

vart vedtatt av Kvam heradsstyre den 8.10.2013, og trådte i kraft frå 1.3.2014.

Forskrifta må nå endrast, og BIR gjennomførte derfor ei administrativ høyring av forslag til ny

forskrift i 2018. Kvam herad valde å handsame høyringa politisk, og gav den 19.12.2018 følgjande uttale i sak 086/18:

*«Kvam heradsstyre meiner det er naudsynt med ei forskrift som gjev tydeleg heimel, rettleiing og ein pårekeleg situasjon for innbyggjarar i BIR sine eigarkommunar. Utkast til*

ny

*forskrift om innsamling av hushaldingsavfall svarar på dette behovet, og heradsstyret meiner utkastet legg til rette for ei framtidsretta og miljøvennleg handsaming av hushaldingsavfallet.*

*Sjølv om det i enkelte høve kan vera naudsynt å krevja endra hentestad for hushaldingsavfall*

*som følgje av vinterdrift, meiner Kvam heradsstyre at BIR må sikra at køyretøy og utstyr er tilpassa lokale og klimatiske tilhøve, og at dei innanfor gjeldande brøytenormer kjem seg fram til avsatte hentestadar på vinterføre. Ved endra hentestad er det vidare ein føresetnad at eigedomseigarar ikkje får ein upraktisk lang transportveg til den nye hentestaden.*

*Til slutt meiner Kvam heradsstyre at krav til felles avfallsløysingar ikkje bør krevjast utan ei nøye kost-nytte-vurdering, der mellom anna utbyggingspress og vurderinga av marknadsverdien inngår. Kvam heradsstyre er positive til planlagt prosjekt knytt til kjeldesortering av hytteavfallet på Kvamskogen, men meiner BIR bør vera varsam med å krevja felles avfallsløysingar for hytteområdet på Kvamskogen ut over dette».*

BIR AS opplyser at Byrådsavdelinga for Klima, Miljø og Byutvikling i Bergen kommune tok over sakshandsamingsprosessen etter høyringa. Det vart laga eit eige forskriftsforslag for Bergen kommune. Forslaget er likevel utarbeida i dialog med BIR, slik at forslaget med mindre justeringar og vil kunne ivareta andre eigarkommunar sine behov. BIR påpeikar at det ut frå rettleiing- og sakshandsamingsomsyn vil vera ein fordel om eigarkommunane sine forskrifter er mest mogleg identisk. Med nokre unntak er derfor framlegg til ny forskrift i hovudsak lik for Bergen kommune og dei øvrige eigarkommunane. Forskrifta er likevel utforma med ulik målform, slik at forskrifta for Kvam herad vil vera på nynorsk.

### **Vurdering:**

Slik rådmannen vurderer det, er det behov for ei forskrift som gjev tydeleg heimel, rettleiing og ein pårekneleg situasjon for innbyggjarar og utbyggjarar i kommunen. Det endelege forslaget til forskrift tek omsyn til dette, og til liks med tidlegare høyringsforslag ser det ikkje ut til å medføre store endringar for Kvam herad sin del.

Rådmannen er samd med BIR i at forskriftene i dei ulike eigarkommunane bør vera så like som mogleg. Likevel ser ein at det kan vera naudsynt med nokre mindre tilpassingar i høve Bergen kommune. Ved gjennomgang av BIR AS sitt oversendingsnotat av 10.5.2021, ser desse forskjellane hovudsakleg ut til å vera av organisatorisk karakter.

Forskrifta § 3-1, 3. ledd gjeld avfallsreduksjon og materialgjenvinning. Her har Bergen kommune spesifisert kva kildesorteringstilbod BIR skal leggja til rette for. I forskriftsforslaget til øvrige eigarkommunar er ikkje dette spesifisert, men sagt at BIR mellom anna skal leggja til rette for «kjeldesortering og utsortering av avfall i samsvar med gjeldande krav for dette, og for å oppnå dei overordna målsetjingane til kommunen for avfallsreduksjon og auka materialgjenvinning». I tråd med BIR sitt oversendingsnotat tolkar ikkje rådmannen dette som at kjeldesorteringstilbodet skal vera meir omfattande i Bergen kommune enn i dei andre eigarkommunane. Derimot forstår ein det som uttrykk for ein meir fleksibel ordlyd som opnar for tilpassing til endra kjeldesorteringskrav og teknologi.

Kvam herad sin tidlegare høyringsuttale, om at det må takast omsyn ulike klimatiske tilhøve mellom BIR sine eigarkommunar, var ikkje eit ynskje om å endre ordlyden i det tidlegare høyringsforslaget. Derimot var det eit uttrykk for at kommunen har registrert at dette kan vera ei utfordring ved snørike vintrar i kommunen. Ein må derfor venta at renovasjonsføretaket tek omsyn til desse ulike klimatiske tilhøva, og sikrar at køyretøy og utstyr er eigna til å kome seg fram på vinterføre. Vidare at eigedomseigarar ved praktisering av føresegna ikkje får upraktisk lang transportavstand til næraste hentestad. Ordlyden i forskrifta § 4-5 er likevel den same som i tidlegare høyringsforslag, og rådmannen ser derfor ikkje vekk frå at dette kan verta ei problemstilling framover.

Trass i dette ser rådmannen behovet for tekniske krav til private vegar. Rådmannen vil av denne grunn ikkje tilrå ei endring av forskrifta på dette punktet, men meiner praktiseringa bør følgast opp og drøftast med renovasjonsføretaket dersom det vert naudsynt i ettertid. Rådmannen tilrår følgjeleg at forskrifta vert vedtatt slik den ligg føre.

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

| Utval            | Møtedato   | Saknr  |
|------------------|------------|--------|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 064/22 |
| Kvam heradsstyre |            |        |

| Avgjerd av:          | Arkiv:  | Arkivsaknr  |
|----------------------|---------|-------------|
| Saksh.: Dolvik, Tore | Objekt: | 22/2254 - 2 |

### Høyringsuttale frå Kvam herad - NOU 2022: 3 På trygg grunn - Bedre håndtering av kvikkleirerisiko

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam herad meiner at dei fleste lovendringane er gode og er einig i etablering av ny lov for naturskade og endringane i forureiningsforskrifta og forskrift om nydyrking.

Kvam herad ønskjer å innføre sone eller regiondifferensiering av endringane i plan- og bygningslova og byggesaksforskrifta.

Alternativt må staten sørge for kartlegging av både utsette område for kvikkleire og område som ikkje er utsett for kvikkleire, slik at ikkje kommunen eller kommunen sine innbyggjarar vert påført urimelege kostnader knytt til kommuneplanen sin arealdel etter plan- og bygningslova § 4-3 eller planering av terreng etter byggesaksforskrifta § 4-1.

#### Samandrag:

Kvam herad ser at Gjerdrumutvalget har gjennomført eit grundig arbeid som har førd fram til NOU2022:3 og høyring av lovendring. Rådmannen ser at det kan ha ein konsekvens for kommunen sin sakshandsaming med ei lovendring som viser til marin grense. Det meste av byggeområda til kommunen ligg under marin grense.



Rådmannen ser at det er viktig å få på plass betre kvikkleirekartlegging i høgrisikoområde, men det er òg viktig å få på plass betre aktsemdkart for kvikkleire i område med generell låg risiko for kvikkleireskred, sidan marin grense i dag vert brukt som aktsemdkart for kvikkleire. Nytteverdien med betre aktsemdkart er derfor stor dersom framlegg til lovendringa vert ståande uendra.

Dersom staten ikkje har kapasitet til å kartlegge fareområde for skred, så meiner rådmannen at konsekvensen for nokre av lovendringane vert for store og omfattande. Rådmannen meiner at det kan vere aktuelt å innføre ein sone- eller regiondifferensiering av lovverket.

#### **Vedlegg i saka:**

| <b>Dok.id</b> | <b>Tittel</b> |
|---------------|---------------|
|---------------|---------------|

|       |                                                                       |
|-------|-----------------------------------------------------------------------|
| 54368 | Vedlegg til høyringsuttale frå Kvam herad - NOU 2022 3 På trygg grunn |
|-------|-----------------------------------------------------------------------|

#### **Saksopplysningar:**

##### Høyring

Regjeringa ved Olje og energidepartementet (OED) sendte den 6. april 2022 ut NOU 2022: 3 På trygg grunn på høyring ([lenke](#)). NOUen er utarbeida av Gjerdrumutvalget som vart oppretta etter kvikkleireskredet på Gjerdrum den 30. desember 2021. NOUen inneheld vurderingar og tilrådingar om tiltak for hjelpe til med å førebygge øydeleggjande kvikkleireskred i Norge.

Frist for uttale er fredag 19. august 2022.

##### NOU 2022: 3 På trygg grunn

Gjerdrumutvalget vart oppnemnd i etterkant av kvikkleireskredet på Gjerdrum den 30. des. 2020. Gjerdrumutvalget har undersøkt årsaka til kvikkleireskredet på Gjerdrum ([eigen delrapport](#)), og gått grundig gjennom handsaminga av kvikkleire, som årsak, tidlegare hendingar, kunnskap, kartlegging og korleis kvikkleire er og har vore handsaming av staten, kommunane, vegvesenet, jernbana, landbruket med meir, og ut frå

gjennomgangen kome med forslag til lov- og forskriftsendringar samla i [NOU 2022: 3 På trygg grunn](#).

#### Forslag til endringar

I kap. 15 i NOU'en er det fleire forslag til endringar i lov- og forskrifter. Nokon vil truleg ha liten konsekvens for kommunen, mens andre kan ha større konsekvens. Det er framlegg om endringar i følgjande lover og forskrifter:

- Naturskadesikringslova
- Plan- og bygningslova
- Byggesaksforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Forskrift om nydyrking

Dei faktiske endringane ligg som eige vedlegg.

#### **Rådmannen sin vurdering av Gjerdrumutvalget sine forslag til endringar og kva følgjer det kan få for kommunen:**

Det er viktig å presisere at marin grense vert brukt i dag som aktsemdkart for kvikkleire i samband med plan- og dispensasjonssaker. NVE viser som standard til marin grense og strandsona i sin tilbakemelding til planar og byggesaker som vert send på høyring, med råd om å bruke prosedyren i NVE sin kvikkleirerettleiar i vurderinga av grunnforholda og faren for områdeskred. Det er derfor ikkje noko nytt som kjem no, men meir ein spesifisering at det skal brukast i sakshandsaminga, gjennom endring i mellom anna plan- og bygningslova.

#### ***Ny Naturskadesikringslov – følgjer for kommune***

Gjerdrumutvalget sitt forslaget til ny naturskadeforsikringslov tydeleggjer ansvaret til sikring og vidarefører for det meste gjeldande tolking av naturskadelova. Endringane i lova vil derfor mest truleg ikkje føre til så store følgjer for kommunen.

#### ***Endringar i plan- og bygningslova – følgjer for kommunen***

Gjerdrumutvalget rår til at kommunen i kommuneplanens arealdel må vurdere risiko for andre område enn berre der det vert lagt opp til utbygging. Gjerdrumutvalget meiner at slik det er no så kan det føre til at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad vurderer risiko for eksisterande bygg. Utvalet viser til forslaget om å innføre ein utredningsplikt i ny naturskadesikringslov vil føre til at kommunen i heilskapleg ROS vil få betre oversikt over farane mot eksisterande busetnad, men trur likevel det bør vere krav om ROS-analyse for kommuneplanens arealdel, også der den ikkje legg opp til utbygging.

Det som er uklart her, er kor grundig kartlegginga må vere og om heile kommunen må kartleggast eller berre område med eksisterande bygg.

Ut frå grunngevinga til Gjerdrumutvalget så er det farane mot eksisterande bygg dei er uroa over at ikkje vert godt nok kartlagt. Så det er nok ikkje snakk om heile kommunen, men alle område kor det bur folk, ikkje berre der det er lagt opp til ny utbygging.

Når det gjeld kor grundig kartlegginga må vere så har det vore vanleg at kartlegging på

kommuneplannivå er på aktsemdkartnivå (kor det kan vere fare) og ikkje faresonekart (reell fare, med soner for sannsyn/gjenntaksintervall). Om det er aktsemdkart lovforslaget viser til så trengs det ikkje så mykje ekstra kartlegging. Aktsemdkart for skred er tilgjengeleg for heile kommunen, det same er marin grense (aktsemdkart for kvikkleire) og aktsemdkart for flaum. Det nye vil vere at det er lovpålagt at farevurderinga er med i ROS-analysen og at analysa skal vise til fleire område enn berre utbyggingsområde.

Er det derimot eit krav om at reell fare (faresonekart) skal vere standard kartleggingsnivå i kommuneplanen, så er det snakk om mykje meir farekartlegging som må på plass i kommuneplanens arealdel. NVE har laga faresonekart for skred for store deler av kommunen og flaumsonekart for Øysteseelva og nokon område er kartlag i samanheng med reguleringsplanar, men det er likevel mange område som ikkje er kartlagt.

Kvam herad gjer ein slik kartlegging for kommunedelplanen for Kvamskogen (faresonekart for skred og flaumfaresonekart). Ut frå samfunnsnytte så er det ein stor fordel i staden for ein vurdering sak for sak. Det er mogleg for kommunen å få laga faresonekart for eksisterande bygg i heile kommunen. Det vil vere ein stor fordel med tanke på utvikling av kommunen, ved at kommunen veit kor det ikkje bør byggjast på grunn av fare og kor det er nødvendig med sikringstiltak. Utfordringa vert å ha ressursar til å få det utført, både med tanke på økonomi, tid og erfaring til å tinga desse karta og at konsulentføretaka har god nok kapasitet om alle kommunane i Norge må gjennomføre kartlegging. Det er òg eit spørsmål om det må tingast nye faresonekart ved ny rullering av kommuneplanen på grunn av ny kunnskap eller nytt lovverk har gjort at gamal kartlegging er utdatert.

#### ***Endringar i byggesaksforskriften (SAK 10) – følgjer for kommunen***

I § 4-1 - som gjeld tiltak som ikkje krev søknad og løyve – meiner Gjerdrumutvalget at det vil vere ein fordel å tilføre «områder markert i kartet «mulighet for marin leire» (MML) eller under marin grense for områder som ikke har dekning for MML, må tiltaket ikke føre til mer enn 1,0 m avvik fra opprinnelig terrengnivå» under bokstav f (Følgende mindre tiltak utendørs), punkt 7 (mindre fylling eller planering av terreng).

For kommunen vil det sjølvstøtt bety at alle planeringstiltak over 1 meter er søknadspliktige om dei er under marin grense. For tettbygde strøk er det no 1,5 meter som gjeld, så endringa vil i desse område ikkje vere så stor, men for tiltak i spredtbygde strøk, som i dag er 3 meter, så vil nok endringa få større følgjer. Det er ikkje søknadsplikten som vert det største problemet, men vurderinga om det kan vere kvikkleire i grunnen eller ikkje. For område på fjell, eller tynt lausmassedekke (mindre enn 2 meter), så vert det enkelt å gje løyve, men tiltak i område med meir lausmassar og område som ikkje kan frikjennast ved å bruke første del av prosedyren til NVE sin kvikkleirerettleiar, så må geoteknisk kompetanse inn for å vurdere om tiltaket er trygt nok eller ikkje.

Det er funne kvikkleire i Kvam, for det meste mindre lommer, men det er mange område kor me ikkje veit om det er kvikkleire eller ikkje. Kommunen har òg erfart utgliding i mogleg kvikkleire på grunn av utfylling nær strandsona. Det er ikkje utelukka at ein utfylling kan føre til utgliding i Kvam, men sannsynet er nok minimal samanlikna med tiltak under marin grense i område med høg risiko for kvikkleireskred.

Spørsmålet er om kostnaden knytt til kravet om å kartleggje kvikkleire for område med lite sannsyn for kvikkleire er for høg med ein slik endring, og om det kan vere aktuelt å sone-

eller regiondifferensiere lovverket.

Gjerdrumutvalget ønskjer òg eit nytt punkt (12) i same paragraf og bokstav – som vil gjelde boring av grunnvass- og energibrønner. I dag er ikkje desse tiltaka søknadspliktig, men vert det med lovendinga som er på høyring. Det er ikkje ei utfordring for kommunen, men ein fordel å få ein oversikt over og kartfesting av grunnvass- og energibrønner.

### ***Endringar i forurensningsforskriften – følgjer for kommunen***

Naturfare er ein av kriteria som vert vurdert ved tiltak, så endringa er ikkje så stor, men kan sjølvstendig gjere det vanskelegare å få løyve til planering om naturfare ikkje har vore så stort tema før. Utfordring er tiltak i område som ikkje kan frigjerast ut frå første del av prosedyren til NVE sin kvikkleirerettleiar, og når me ikkje har god oversikt over grunnforholda i kommunen, så veit me ikkje kor stor risiko det er for kommunen om grunnundersøking ikkje vert utført før planering.

Gjerdrumutvalget vil utheve at kommunen i lokal forskrift kan bestemme at planering ikkje skal vere lovleg på grunn av fare for kvikkleireskred, og at kommunen kan gje pålegg til vedlikehald av hydrotekniske anlegg under marin grense for å hindre erosjon (som kan føre til utløyning av kvikkleireskred). For Kvam herad har nok ikkje dette så mykje å seie så lenge det ikkje vert oppdaga kvikkleireområde som må takst omsyn til. Når det gjeld pålegg om vedlikehald av hydrotekniske anlegg for å førebyggje erosjon, så kan det vere like viktig med tanke på andre skredtyper og flaum (vatn på avveggar). Det kan derfor vurderast om at risikoen for slike skadar er så stor at kanskje «i område under marin grense» bør kuttast ut i forslaget, slik at kommunen ut frå forurensningsforskriften, når det gjeld vedlikehald av hydrotekniske anlegg (frå tidlegare planeringar) kan gje pålegg òg over marin grense om det kan vere fare for at erosjon kan føre til auka skredfare, og fare for at vatn på avvege på grunn av erosjon kan føre til skade.

### ***Endringar i forskrift om nydyrking – følgjer for kommunen***

Endring i § 1 i forskrift om nydyrking vil ikkje ha dei store konsekvensane for kommunen.

## **Oppsummering**

Rådmannen ser at Gjerdrumutvalget har gjennomført eit grundig arbeid. Det rådmannen er skeptisk til, er lovendingar som viser til marin grense. Rådmannen meiner at desse endringane er viktige å få på plass for område med høg risiko for kvikkleireskred, men er meir usikker på om kost/nytte er god nok for at lovendingane skal gjelde heile landet. I kommunar med generell låg kvikkleirefare så kan kostnaden med lovendingane bli mykje større enn nytten, då risikoen for skade er liten. Rådmannen meiner at det kan vere aktuelt å innføre ein sone- eller regiondifferensiere lovverket.

Rådmannen ser at det er viktig å få på plass betre kvikkleirekartlegging i høgrisikoområde, men det er òg viktig å få på plass betre aktsemdkart for kvikkleire i område med generell låg risiko for kvikkleireskred, sidan marin grense i dag vert brukt som aktsemdkart for kvikkleire. Nytteverdien med betre aktsemdkart er derfor stor dersom framlegg til lovendinga vert ståande uendra.





# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

| Utval            | Møtedato   | Saknr  |
|------------------|------------|--------|
| Kvam heradsstyre |            |        |
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 065/22 |

|                        |                               |               |
|------------------------|-------------------------------|---------------|
| Avgjerd av:            | Arkiv: N-102.0, HistNR-21/523 | Arkivsaknr    |
| Saksh.: Nedkvitne, Jon | Objekt:                       | 21/10020 - 44 |

### Kvam herad -uttale til høyring av forslag om korallrev som utvald naturtype

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kvam herad har i nyleg vedteken energi- og klimaplanen lagt til grunn FN sine 17 berekraftsmål. FN sitt berekraftsmål nr 14 omhandlar «livet under vatn». Kvam heradstyre støttar opp om forslaget om å endra forskrifta slik at korallrev og høgmyr, vert ein del av utvalde naturtypar.
- Kvam herad kan ikkje sjå at det er konflikt i mellom fiskeri- og akvakulturnæringane og dei aktuelle lokalitetane med korallrev i Kvam.

#### Samandrag:

Klima og miljødepartementet har sendt ut utkast til endring av forskrift om utvalde naturtype etter naturmangfaldslova. Forslaget inneber at korallrev og høgmyr vert gjort til utvalde naturtypar. Målet er at *«ingen artar eller naturtypar skal utryddast og utviklinga til trua og nær trua artar eller naturtypar skal betrast»*. I tillegg til å bidra til nasjonale mål om naturmannfald, er høyringsframlegget relevant for fleire av FN sine berekraftsmål. Spesielt nr 14 og 15.

#### Om utvalde naturtypar

Utvalde naturtypar må sjåast på som ei statleg retningslinje, som skal sikra at naturtypen får meir vekt i avvegingar i mot andre samfunnsomsyn, enn omsynet til natur normalt vil

ha. Ved offentlig forvaltning skal det takast særleg omsyn til den utvalde førekomsten.

#### Korallrev.

Korallrev er eit spesielt økosystem på havbotnen, som er danna av levande samfunnsbyggjande koralldyr og deira kalkskelett. Naturtypen er svært viktig for biologisk mangfald og indirekte har reva stor verknad for fiskeria som oppvekst- og beiteområde for fisk.

I arbeidet med energi- og klimaplanen til Kvam herad er FN sine klimamål lagt til grunn for ei berekraftig utvikling av kommunen. Når det no vert arbeidd med utvalde naturtypar, som også omfattar areal og artar i Kvam, så pliktar det å fylgja opp desse.

Det biologiske mangfaldet er naudsynt for at ulike økosystem skal fungera. Når sjeldne artar forsvinn frå eit område, kan det ha ein avgjerande rolle for korleis økosystemet fungerer. Tap av viktige økosystem kan medføre uante konsekvensar for artane som lever i området. Rådmannen ynskjer å vera føre var i dette området og støttar arbeidet med korallrev som utvalde naturtypar, slik dei ligg føre i frå Klima- og miljødepartementet.

#### **Vedlegg i saka:**

| <b>Dok.id</b> | <b>Tittel</b>                                                         |
|---------------|-----------------------------------------------------------------------|
| 51817         | Høring av forslag om korallrev og typisk høgmyr som utvalgt naturtype |
| 51818         | Fylgjebrev                                                            |
| 51819         | Vedlegg 1 - Høringsnotat                                              |
| 51820         | Vedlegg 6 - Beslutningsgrunnlag korallrev                             |
| 51821         | Vedlegg 2 - Forslag om korallrev som utvalgt naturtype                |
| 51822         | Vedlegg 3 - Forslag om typisk høgmyr som utvalgt naturtype            |
| 51823         | Vedlegg 4 - Utkast til endringsforskrift for utvalgt naturtype        |
| 51824         | Vedlegg 5 - Liste over berørte kommuner                               |
| 51825         | Vedlegg 7 - Beslutningsgrunnlag sentrisk høgmyr                       |

#### **Saksopplysningar:**

Klima og miljødepartementet har sendt ut utkast til endring av forskrift om utvalde naturtype etter naturmangfaldslova. Forslaget inneber at korallrev og høgmyr vert gjort til utvalde naturtypar. Målet er at *«ingen artar eller naturtypar skal utryddast og utviklinga til trua og nær trua artar eller naturtypar skal betrast»*. I tillegg til å bidra til nasjonale mål om naturmannfald, er høyringsframlegget relevant for fleire av FN sine berekraftsmål. Spesielt nr 14 og 15.

Det er fem vedlegg til høyringa:

1. Høyringsnotat
2. Forslag om korallrev som utvalde typar
3. Forslag om typisk høgmyr som utvald naturtype
4. Utkast til endringsforskrift for utvalde naturtypar
5. Liste over berørte kommunar

Departementet ber om innspel om det er einskildområde der forslaga har spesielt store konsekvensar. Det vert spesielt invitert til innspel som kan bidra til å kasta ljós over næringsmessige konsekvensar av forslaget.

#### Om utvalde naturtypar

Utvalde naturtypar må sjåast på som ei statleg retningsline, som skal sikra at naturtypen får meir vekt i avvegingar i mot andre samfunnsomsyn, enn omsynet til natur normalt vil ha. Ved offentleg forvaltning skal det takast særleg omsyn til den utvalde førekomsten.

Bakgrunn. Høyringsforslaget omfattar kun korallrev og typisk høgmyr, og evt bruk av andre verkemidlar vert fylgt opp med eigne prosessar.

#### Korallrev.

Korallrev er eit spesielt økosystem på havbotnen, som er danna av levande samfunnsbyggjande koralldyr og deira kalkskelett. Naturtypen er svært viktig for biologisk mangfald og indirekte har reva stor verknad for fiskeria som oppvekst- og beiteområde for fisk. I Noreg er dette kaldtvatnskorallar, som er mest vanlege mellom 200 og 500 meter djupn.

Vedtak om utvalde naturtypar kan førebu eller sikra naturtypane sin status langs med kysten. Det primære målet må vera at naturtypen samla kjem over i status, livskraftig (LC). Sekundært at det forventast trykkt langs med kysten, hindrar at statusen vert forverra til sårbar (SU), og ikkje ha som mål å halda ein slik naturtype i ein status som fortsett nær trua.

Verkemiddelet utvalde naturtypar inngår i verkemiddelpakken for korallrev i 2018-leveransen i prosjekt trua natur. Forutsetninga for bruk av utvald naturtype vart omtalt slik: *"I sjø best egnet dersom regulering etter et sektorverkemiddel ikke gir tilstrekkelig beskyttelse og det er flere påvirkningsfaktorer."* Fiskeri med botnførande reiskap kan påverka reiskap for å beskytta korallrev, særleg snurrevad og botntrål. At fiskerilovverket er eit viktig sektorverkemiddel for å beskytta korallrev er dermed innlysande. Akvakultur har konsekvensar i form av fysisk påverknad på botnen for eksempel i form av forankring og utslepp som kan påverka korallrev i nærheita.

Korallrev som utvalde naturtypar vil vera førande for korleis denne naturtypen skal takast omsyn til i arealplanlegginga, jf. naturmangfaldslova § 53, fjerde ledd. Avgjerslene som vert tatt i arealplanlegginga, vil vera avgjerande for alle sektorar, uansett om dei har eigne verkemidlar tilgjengeleg på same måte som innafor akvakulturforvaltninga eller ikkje.

Utslepp frå fiskeoppdrett vert i utgangspunktet vurdert som ein negativ påverknad på korallrev når det ligg nært. Påverknad frå akvakultur på naturtypen korallrev må derimot verta vurdert konkret i det einskilde tilfellet ved lokalitetsklarering etter akvakulturlova.

Samlet sett har kysten potensial for næringsutvikling. Framtidig omfang av arealbeslag, mineral- og ressursuttak eller nye typar akvakultur er ukjent.

«For naturtypen korallrev er det imidlertid ikke beregnet direkte kostnader. Forbud mot bunntørring innenfor 12 nautiske mil er allerede innført og har således ingen direkte kostnader av betydning. Vedtaket betyr at det innføres en utvidet beskyttelse mot all type fiskeri som kan skade korallrev, som fiske med garn og line i rev-områder. Kostnader for fiskeriene ved å ikke fiske på korallrev er ikke beregnet. Kostnader ved at en strømkabel eller liknende ikke legges over, men rundt en forekomst, er heller ikke beregnet.»

Kartlegging vil skje gjennom nasjonale program for kartlegging av marine naturtyper, men disse kostnadene er heller ikke kostnadsrekna.

Arealhindringar er det viktigaste verkemiddelet som vert tilrådd for korallrev. Nest etter arealbasert regulering av fiskeriaktivitet (etter havressurslova -og som er innført), er marint vern etter naturmangfaldslova vurdert som det mest relevante verkemiddelet.

Samla antal kjente førekomstar er 1567.


| Fylkesnr. | Fylkesnavn <sup>2</sup> | Antall forekomster | Antall foreslått til marint vern (NML) | Antall beskyttet med marint vern (NML) | Antall beskyttet etter havressursloven | Andel kjente forekomster <sup>3</sup> som ikke er sikret med havressursloven eller NML. |
|-----------|-------------------------|--------------------|----------------------------------------|----------------------------------------|----------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------|
| 15        | Møre og Romsdal         | 141                | 1                                      | 0                                      | 12                                     | 91,5 %                                                                                  |
| 18        | Nordland                | 462                | 0                                      | 1                                      | 440                                    | 4,5 %                                                                                   |
| 11        | Rogaland                | 1                  | 0                                      | 0                                      | 1                                      | 0 %                                                                                     |
| 54        | Troms og Finnmark       | 157                | 118                                    | 0                                      | 8                                      | 94,9 %                                                                                  |
| 50        | Trøndelag               | 542                | 45                                     | 213                                    | 0                                      | 60,7 %                                                                                  |
| 46        | Vestland                | 218                | 60                                     | 0                                      | 20                                     | 90,8 %                                                                                  |
| 30        | Viken                   | 46                 | 1                                      | 41                                     | 28                                     | 10,9 %                                                                                  |
| SUM       |                         | 1567               | 225                                    | 255                                    | 509                                    | 53,0 %                                                                                  |

### Korallrev som utvald naturtype


Økonomiske konsekvensar

Grunneigarar, rettighetshavarar og næringsutøvarar.

Utveljing av korallrev som utvald naturtype vil medføre at naturtypen skal tilleggast ei større vekt ved vurderingar etter plan- og bygningslova, og at det dermed vert høgare terskel for å tillata utbyggingstiltak i og ved korallrev kystnært der både denne og naturmangfaldslova gjeld, enn tilfellet er i dag.



Talet på forekomstar i Kvam er 3 stk (jf kart)



Utvalde naturtypar vert omfatta av ei felles forskrift heimla i naturmangfaldslova.

Følgjande forslag vert foreslått:

**Korallrev.** «Med korallrev menes et havbunnsområde med revbyggende koralldyr i kolonier bestående av både levende og døde deler, som dekker minst 25 m<sup>2</sup>. Korallrevet kan bestå av flere enkeltstående korallkolonier som sammen dekker minst 75 % av minsteområdet.»

Høyringsfrist er sett til den 7.juli.

### Høgmyr.

Raudlistestatus for typisk høgmyr var i 2011 sårbar (VU). I 2018 var raudlistestatusen sterkt trua (EN), vurdert separat for de tre torvmarksformene konsentrisk høgmyr, eksentrisk høgmyr og platåhøgmyr som tilsaman utgjør naturtypen typisk høgmyr.

Naturtypen er ikkje registrert i Kvam, som ein del av denne høyringa.

### **Vurdering:**

I arbeidet med energi- og klimaplanen til Kvam herad, er FN sine klimamål lagt til grunn for ei berekraftig utvikling av kommunen. Når det no vert arbeidd med utvalde naturtypar, som også omfattar areal og artar i Kvam, så pliktar det å følgja opp desse.

Dei tre lokalitetane som er kartlagt i Kvam, så er alle lokalisert i utanfor Ljoneshalvøya. Den nordlegaste lokaliteten, ligg om lag 760 meter i frå land ved Straumastein. Den midtarste lokaliteten ligg om lag 650 meter ifrå land og den sørlegaste lokaliteten ligg ca 1400 meter i frå land, like ved Ljonesbjørgene. Korallane utanfor Ljonesbjørgene, ligg om lag 1100 meter i frå oppdrettslokaliteten. Ut i frå bakgrunnsmateriale som er lagt fram i samband med utvalde område for korallrev, kan ikkje rådmannen sjå at det er konflikt i mellom oppdrett og korallrev.

Rådmannen har ikkje lokalisert viktige fiskeriområde i nærleiken av dei utvalde naturområda for korallrev.

Det biologiske mangfaldet er naudsynt for at ulike økosystem skal fungera. Når sjeldne artar forsvinn frå eit område, kan det ha ein avgjerande rolle for korleis økosystemet fungerer. Tap av viktige økosystem kan medføre uante konsekvensar for artane som lever i området. Rådmannen ynskjer å vera føre var i dette området og støttar arbeidet med korallrev som utvalde naturtypar, slik dei ligg føre i frå Klima- og miljødepartementet.



# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

| Utval            | Møtedato   | Saknr  |
|------------------|------------|--------|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 066/22 |
| Kvam heradsstyre |            |        |

|                                   |              |             |
|-----------------------------------|--------------|-------------|
| Avgjerd av:                       | Arkiv: N-614 | Arkivsaknr  |
| Saksh.: Henriksen, Elisabeth Skar | Objekt:      | 22/1627 - 9 |

### Søknad om nytt skjenkeløyve, Breievne Gard Bærbar

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam herad vedtek i medhald av Alkohollova §§1-6 og 4-2 m/forskrifter, alkoholpolitiske retningslinjer og delegeringsreglement at:

1. Breievne Gard , org.nr. 989921207, vert tildelt løyve for skjenking av alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 ( opptil 22 volum% ) for serveringsstaden Breievne Gard Bærbar
2. Skjenkeområde: Løyvet gjeld i samsvar med kartskisse. Lokale på 25 kvadrat og skjenkeområdet er på 16 kvadrat i 1 etg i Stabbur som er på tunet. Her der det bord og benker med plass til 8 stk gjester utanom løyvehaver.
3. Løyvet gjeld for følgande driftskonsept: Gardsoppleving/gardsturisme med smaksopplevingar og historiedeling for turistar, bedrifter og private.
4. Skjenketider: Alle dagar, gruppe 1 og 2 frå kl. 12.00 til kl. 02.00, med 30 minutt fortæringstid som kjem i tillegg.
5. Løyveperioden gjeld frå 14. juni 2022 til 30. september 2024.
6. Som styrar vert godkjent: Anne Lise Breievne, f. 08.10.60
7. Det vert gjeve fritak om krav til stedfortredar.
8. Skjenkeløyve må vera innvilga før skjenkeløyvet kan takast i bruk.

#### Samandrag:

Breievne Gard ( org.nr. 989921207 ) søker om skjenkeløyve for gruppe 1 og 2 for serveringstaden Breievne Gard Bærbar. Det omsøkte skjenkeområdet er eit stabbur på

gardstunet. ( jf. Kart som er lagt ved). Arealet i stabburet er på 16 kvadrat, er i 1 etg. og plass til 8 gjester.

Alle skjenkesaker bør vurderast ut i frå dei prinsippa som ligg til grunn i kommunen sitt engasjement i Av-og-til. Kommunen har samvær med barn og unge, båt og badeliv og livskrisar som sine satsingsområde. Rådmannen meiner denne søknaden ikkje kjem i konflikt

med disse prinsippa.

Dei alkoholpolitiske retningslinene set skjenkestart frå kl. 12.00, og det er ikkje opna for å søke om utvida skjenketider. Rådmannen innstiller difor på skjenkestart frå kl. 12.00 i samsvar med retningslinene.

#### **Vedlegg i saka:**

| <b>Dok.id</b> | <b>Tittel</b>              |
|---------------|----------------------------|
| 43758         | 1222240_scanproduksjon.pdf |
| 43760         | 1222240_scanstabbur.pdf    |

#### **Andre dokument i saka:**

Svar på forespurnad om vurdering avandel - sal av alkohol under 4,7 % - Breievne Gard

#### **Saksopplysningar:**

Breievne Gard Bærbar ( org.nr. 989921207 ) søker om skjenkeløyve for gruppe 1 og 2 for Breievne Gard Bærbar på Oma.

Det omsøkte skjenkeområdet er i Stabburet på gardstunet ( jf. Kart som er lagt ved ).

Skjenkearealet er på 16 kvadrat og er i 1 etg på stabburet med bord og benker, og plass til 8 gjester.

Driftskonseptet:

Gardsoppleving / gardsturisme med smaksoppleving og historiedeling knytt til gårdens rike historie om helleristingar, vikinggrav, munkegraver, humlehage baronitiden og med smaking av drikk som mjød og sider for turistar, bedrifter og private over 18 år.

Skjenketid frå kl. 09.00-01.00 søndag til torsdag, fredag og laurdag 09.00-02.00 med 30 minutt fortæringstid som kjem i tillegg.

Åpningstid etter avtale.

Anne Lise Breievne er oppnemnd som skjenkestyrar, ho har bestått kunnskapsprøven for skjenking av alkohol.

Det er søkt om fritak for krav om stedfortredar fordi verksemda er liten, med berre to tilsette.

Søknaden er sendt politi, skatteetat og sosialtenesta for uttale i ht. Serveringslova og alkohollova. Det er ikkje komme inn merknadar som tilseier at løyvet ikkje kan gjevast.

Breievne Gard er med i eit prosjekt i turistnæringa, med støtte frå Kraftfondet, om utvikling av nye opplevelsprodukt med historieforteljing knytt til gard og grunn og drikkevanar/nye drikkeprodukt/kultur/erfaringsdeling. Og det er i denne samanheng det er søkt om skjenkeløyve og salsløyve.

Produksjonslokalet er i kjeller på innhus, men inngang kun fra utsida. Lageret vert flytt til eit tilstøtande rom ved produksjonslokalet.

Breievne Gard har serveringsløyve.

### **Vurdering:**

Breievne Gard er eit enkeltforetak og driv i dag med ulike aktiviteter som overnatting for turister, Glamping, gardsutsal av eigne produkt som melkekaker, produkter frå eigen avling, alkoholfri drikke, sommerkiosk på tunet mm.

Dei søker no om skjenkeløyve på garden slik at turistar, bedrifter og andre besøkande til garden kan smake på produkta dei har sel. ( dersom det vert gjeve løyve til sal ).

Dei har og søkt om eit utvida kommunalt salsløyve som inneber at dei kan produsera og selja alkoholhaldig drykk opp til 22 volum% dersom søknaden vert positiv behandla. Dette vil då innebera at dei kan skjenka eigenprodusert sider og mjød.

### Skjenketid

Innstillinga frå rådmannen er at dei får skjenkeløyve frå kl. 12.00 til kl. 02.00 alle dagar, med fortæringstid på 30 minutt i tillegg, som er i tråd med retningslinene.

### Av-og-til

Kvam herad er ein Av-og-til-kommune. Det inneber at alle søknadar om skjenking og sal av alkohol bør vurderast særskilt opp mot dei prinsippa og satsingsområdene som er definert i

Av-og-tilarbeidet. I Kvam er områda samvær med barn og unge, båt og badeliv og livskrisar prioriterte område. I vurderinga av denne søknaden meiner rådmannen at det ikkje kjem i konflikt med desse prinsippa at Breievne Gard får skjenkeløyve på serveringsstaden Breievne Gard Bærbar. Her er det lagt opp til at skjenking skal skje i samband med arrangerte besøk, ikkje som ein open skjenkestad.

### Uttale frå andre etatar

Søknaden er sendt til Politiet og Sosialtenesta for uttale om mellom anna trafikk- og ordensmessige - og alkoholpolitiske forhold. Vidare er søkjar vandelsvurdert av Politiet og Skatteetaten i høve brot på alkohollova, skatte- og rekneskapslovgiving og andre relevante lovverk. Det er ikkje komme inn merknadar som tilseier at løyve ikkje kan gjevast.

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

| Utval            | Møtedato   | Saknr  |
|------------------|------------|--------|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 067/22 |
| Kvam heradsstyre |            |        |

|                                   |              |             |
|-----------------------------------|--------------|-------------|
| Avgjerd av:                       | Arkiv: N-614 | Arkivsaknr  |
| Saksh.: Henriksen, Elisabeth Skar | Objekt:      | 22/1627 - 8 |

### Søknad om salsløyve, Breievne Gard

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradstyre vedtek i medhald av Alkohollova §§1-6 og 3-1 m/forskrifter og alkoholpolitiske retningslinjer for Kvam at:

1. Anne Lise Breievne / Breievne Gard ( org.nr. 989921207 ), får løyve til:
  - a. Sal av alkohol i gruppe 1 ( opp til 4,7 volum% ).
  - b. Sal av eigenprodusert alkoholdrykk i gruppe 2 (opp til 22 volum% ) Jf. Alkohollova §1-7f. og §3-1b.
  - c. Salstider: Kvardagar kl. 08.00 – 20.00  
Laurdagar og dagar før helligdagar kl. 08.00 – 18.00
  - d. Salsområde i samsvar med søknad
  - e. Løyveperiode gjeld frå 14.06.2022 til 30.09.2024
  - f. Som styrar vert godkjent: Anne Lise Breievne, f. 08.10.1960
  - g. Som stedfortreder vert godkjent: Håkon M. Berge, f. 30.03.1950, under føresetnad at kunnskapsprøven vert bestått.

#### Samandrag:

Anne Lise Breievne / Breievne Gard, org.nr. 989921207 har søkt om eit utvida kommunalt løyve for sal av alkoholhaldig drykk i gruppe 2, som vert tilvirka på garden; Mjød og sider

(opp til 22 volum%).

Breievne Gard er eit enkeltforetak med ulike aktiviteter gjennom året som dyrking og sal av bær, frukt og honning. Videreforedling og sal av produkter av eigen avling, særlig drikke. Her er det Glamping, kiosk, gårdsutsal av bl.anna melkekaker fra markedstelt i tunet til eit nytt driftsbygg står antatt ferdig i 2022/23. Her er og Breievne bunadsutstyr med vevde tekstiler til hardangerbunad.

For å få eit kommunalt salsløyve som også gjeld tilverking av alkoholhaldig drykk opp til 22 volum%, må ein ha eit ordinært salsløyve i «botn». Eit ordinært salsløyve gjev løyvehavar lov til å selja alkoholhaldig drykk i gruppe 1 som er grossistar. Alkohollova gjev høve til å utvida dette løyve til å gjelda innførsel eller tilverking for sal i eiga verksemd. Om vilkåra i lova er stetta, kan de i tillegg omfatte tilverking av drykk opp til 22 volum% for sal i eige verksemd. Søknaden gjeld tilverking av drykk opp til 22 volum% for sal i eige verksemd.

Formålet med «22%-ordninga» var å gjere det mogeleg for ein besøkande på ein sidergard å kjøpe den drykken ein nett har sett verta produsert, utan å måtte reise til ein butikk eller Vinmonopolet. For at ein slik ordning ikkje skulle truga Noreg sin alkoholpolitikk, og her under polordninga, er det sett strenge vilkår for å få utvida salsløyve. Krava er gjort rede for i den vidare sakshandsaminga. I korte trekk skal tilverkinga skje i kjeller på innhus, med inngang kun frå utsiden. Lageret skal flyttes til eit tilstøtande rom ved produksjonslokale. Hovudregelen for sal og skjenking er framleis at den alkoholhaldige drykken skal vera produsert og seld gjennom eit statleg tilverkingsløyve.

Breievne Gard søker om eit utvida kommunalt løyve for tilvirking og sal frå eigen produksjon i eit markedstelt/kiosk i tunet. Varene vert henta frå eit låst lager når det vert etterspurt av kunde. Det vert ikkje oppbevaring av alkoholhaldige varer i markedsteltet/kiosk, kun henta ved sal.

Rådmannen innstiller på at dei får løyve for sal av gruppe 1 ( opp til 4,7 volum% ) som eit vanleg butikkløyve i botn og løyve til sal av eigenprodusert alkoholdrykk i gruppe 2 (opp til 22 volum% ) for mjød og sider. Øl er ikkje innanfor ordninga.

#### **Vedlegg i saka:**

| <b>Dok.id</b> | <b>Tittel</b>              |
|---------------|----------------------------|
| 43758         | 1222240_scanproduksjon.pdf |
| 43760         | 1222240_scanstabbur.pdf    |

#### **Andre dokument i saka:**

Svar på forespurnad om vurdering avandel - sal av alkohol under 4,7 % - Breievne Gard

#### **Saksopplysningar:**

Anne Lise Breievne / Breievne Gard har søkt om eit utvida kommunalt løyve for sal av alkoholhaldig drykk i gruppe 2 ( opp til 22 volum% ). For å få eit utvida kommunalt løyve må ein ha eit ordinært kommunalt løyve for sal av alkoholhaldig drykk i gruppe 1 ( opp til 4,7 volum% ).

Tilverking og sal skal skje frå Breievne Gard på Oma.

Alkohollova §3-1b. seier at eit kommunalt løyve etter §3-1 kan utvidast til å gjelda innførsel eller tilverking av drykk i gruppe 1 ( under 4,7 volum% ) for sal i eige verksemd. Om krava i §1-7b 2.ledd er oppfylt, kan løyvet også gjelda tilverking av gruppe 2 ( opp til 22 volum% ) for sal i eiga verksemd.

§1-7 f. i alkohollova seier at tilverkinga skal skje ved salsplassen, og tilverkinga og salet skal vera ein del av salsplassen sin heilskapeleg karakter og tilbod. Vidare er det eit krav for å få løyve til tilverkinga og sal av gruppe 2 at:

- Den alkoholhaldige drykken må vera omfatta av produktlista i kommentar til posisjon 22.06 i Tolltariffen \*
- Drykken kan ikkje vera tillsett brennevin eller blanda med produkt som ikkje er nemnd i posisjon 22.06
- Minst ein tredjedel av innsatsvarer som gjev produktet sin karakter, må vera eigenprodusert
- Produksjonen skal ikkje overstiga 1 000 liter pr. år

\*Andre gjærede drikkevarer som t.d. sider, eplevin, pærevin, mjød.

Frå 1 juli 2016 vart det lov å selja drykk med opp til 22 volum% direkte frå produsent. Dette gjeld berre produkt som ikkje er omfatta av EØS-avtalen. Det betyr at øl, vin eller rusbrus ikkje er omfatta av ordninga. Eit viktig krav er at dette skjer på ein plass der dette vil vere ein del av plassen sin karakter og tilbod.

Det er tidligare gjeve løyve til liknande føretak i Kvam.

Styrar har gjennomført kunnskapsprøve, men stedfortreder mangler denne. Det vil ved eit postitivt vedtak verta krav om at dette må vera bestått før stedfortredar vert godkjent.

Søknaden er sendt til Sosialtenesta, Politi og Skattevesen for uttale og vandelsvurdering. Ingen har merknader til søknaden.

Etter delegeringsreglementet 4.2.1 er det delegert til rådmannen å godkjenna salsløyve og skjenkeløyve i lokale der det tidligare har vore tilsvaranade løyve. Breievne Gard har ikkje hatt salsløyve for alkohol tidligare, og saka må handsamast av heradstyre.

## **Vurdering:**

### Salstider

Alkohollova §3-7 regulerer salstidene. Det er ikkje lagt føringar her for at eit salsløyve som er utvida til å gjelda drykk opp til 22 volum% må differensiera sine salstider. Dette vart drøfta i forarbeida til Prop. 116 L(2015-2016) kapittel 6.8. Her gjekk departementet inn for at desse løyva skal ha same salstid som for løyver som gjeld under 4,7 volum% (vanlege butikkløyve).

Deira vurdering var at ein differensiering mellom 4,7 volum% og 22 volum% vil vere den

minst praktiske løysinga både for salsplassen, kontrollørar og kundar. I Kvam er det vedteke salstider kvardagar frå kl. 08.00-20.00 og laurdag frå kl. 08.00-18.00. I samsvar med dette vil det vera naturleg å gje Breievne Gard løyve i desse tidsromma om dei får utvida løyve til tilverking, men heradsstyret kan setta andre salstider innanfor desse rammene.

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

| Utval            | Møtedato   | Saknr  |
|------------------|------------|--------|
| Kvam formannskap | 08.06.2022 | 068/22 |
| Kvam heradsstyre |            |        |

|                        |              |               |
|------------------------|--------------|---------------|
| Avgjerd av:            | Arkiv: N-245 | Arkivsaknr    |
| Saksh.: Nedkvitne, Jon | Objekt:      | 21/13497 - 10 |


### Vederlagsfri omgjeriing av friluftsområde i Kvam -endeleg vedtak

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre gjev rådmannen fullmakt til å søkja om vederlagsfri omgjeriing til statleg sikra friluftsområde for fylgjande friluftsområde i Kvam:

Auganesstronda i Ålvik




Bersestronda i Ålvik





Ljonesvågen på Innstranda




Ploganeset i Strandebarm



Tangeråsneset i Strandebarm




Breievne på Oma



Øystese sentrum



Stronde i Øystese



Norheimsund sentrum



### **Samandrag:**

Bergen og omegn friluftsråd har i e-post den 1. desember 2021 sendt førespurnad til Kvam herad om å vurdere utvalde friluftsområde inn under ordninga for «Vederlagsfri omgjeriing av friluftsområde». Dette gjeld område der kommunen sjølv er grunneigar. Ordninga inneber at kommunen søkjer om at allereie etablerte kommunale friluftsområde skal få status som statleg sikra friluftsområde. Denne statusen opnar for at Kvam herad og Bergen og omland friluftsråd kan søkja om statlege midlar for tilrettelegging av områda. Områda vert då klausulerte og det vert tinglyst fylgjande hefte på området/eigedommen: «Eigedommen kan ikkje verta nytta til anna enn friluftsføremål utan samtykke frå Miljødirektoratet». Fristen for å søkja om vederlagsfri omgjeriing, er 15. januar kvart år.

Fylgjande område var med i høyringa:

#### **Auganesstronda i Ålvik**

Fint område, aust for sentrum i Ålvik. Lite tilrettelagt.

#### **Bersestrondi i Ålvik**

Fint område, rett aust for sentrum i Ålvik. Relativt godt tilrettelagt. Nytt attraktivt turistvegprosjekt, med toalett.

#### **Ljonesvågen på Innstranda**

Fint tilrettelagt område i Ljonesvågen. Attraktivt for både hytteeigarar og fastbuande.

#### **Ploganeset i Strandebarm**

Sentrumsnært område. Tilhøvet i mellom den offentlege bruken og den private bruken må tydeleggjerast.

#### **Tangeråsneset i Strandebarm**

Stort område, i nærleiken skule og småbåthamn. Stor bruksvariasjon.

#### **Breievne på Omastrand**

Svært lite tilrettelagt. Bør vera klart skilje til næringsområdet.

#### **Øystese, sentrum**

Midt i sentrum, attraktivt område for tilreisande og fastbuande. Stort potensiale. Mogleg med meir tilrettelegging.

## Norheimsund sentrum

Midt i sentrum, attraktivt område for tilreisande og fastbuande. Stort potensiale.

Nytt forslag etter høyringa:

Kommunalt område på Stronde. Ligg tett på sentrum og dei nye leilegheitsbygga på Stronde.

Områda vil sikra ålmenta sin tilgang til sjøen både i sentrumsområda og elles på dei utvalde områda. Områda og arbeidet vert ført vidare i lag med Bergen og omland friluftsråd.

### Vedlegg i saka:

| Dok.id | Tittel                                                                                 |
|--------|----------------------------------------------------------------------------------------|
| 53487  | Omgjering av friområde (A)                                                             |
| 53488  | Vederlagsfri omgjering av friluftsområde i Kvam                                        |
| 53490  | Vederlagsfri omgjering av friluftsområde i Kvam -høyring til grendeutvala i Kvam       |
| 53491  | Sender i e-postmelding – Vederlagfri omgjering av friluftsområde i Kvam (L)(54186).pdf |
| 53492  | Vederlagfri omgjering av friluftsområde i Kvam (L)(54186)                              |
| 53493  | Vederlagfri omgjering av friluftsområde i Kvam                                         |
| 53494  | Informasjon om tilskot til friluftsliv og statleg sikring                              |
| 53495  | Vederlagsfri omgjering av friluftsområde                                               |

### Saksopplysningar:

Heradsstyret i handsama i sak 014/22 vederlagsfri omgjering av friluftsområde i Kvam. I heradsstyret vart det gjort vedtak om å senda saka ut på høyring til grendeutvala i dei aktuelle områda. Frist for tilbakemelding vart sett til den 01.04.2022. Grendeutvalet i Øystese og Innstranda har komme med tilbakemeldingar.

Bergen og omegn friluftsråd har i e-post den 1.desember 2021 sendt førespurnad til Kvam herad om å vurdere utvalde friluftsområde inn under ordninga for «Vederlagsfri omgjering av friluftsområde». Gjeld område der kommunen sjølv er grunneigar. Ordninga inneber at kommunen søkjer om at allereie etablerte kommunale friluftsområde skal få status som statleg sikra friluftsområde. Denne statusen opnar for at Kvam herad og Bergen og omland friluftsråd kan søkja om statlege midlar for tilrettelegging av områda. Områda vert då klausulerte og det vert tinglyst fylgjande hefte på området/eigedommen: «Eigedommen kan ikkje verta nytta til anna enn friluftsføremål utan samtykke frå Miljødirektoratet». Fristen for å søkja om vederlagsfri omgjering, er 15.januar kvart år.

Alle områda som vert lagt fram i saka, er offentleg eigd.

Kommunen og friluftsrådet, eventuelt også grendelag m.fl har drifts- og tilsynsansvaret for området.



Fylgjande område var med i høyringa:

**Auganesstronda i Ålvik**

Fint område, aust for sentrum i Ålvik. Lite tilrettelagt.

**Bersestrondi i Ålvik**

Fint område, rett aust for sentrum i Ålvik. Relativt godt tilrettelagt. Nytt attraktivt turistvegprosjekt, med toalett.

**Ljonesvågen på Innstranda**

Fint tilrettelagt område i Ljonesvågen. Attraktivt for både hytteeigarar og fastbuande.

**Ploganeset i Strandebarm**

Sentrumsnært område. Tilhøvet i mellom den offentlege bruken og den private bruken må tydeleggjerast.

**Tangeråsneset i Strandebarm**

Stort område, i nærleiken skule og småbåthamn. Stor bruksvariasjon.

**Breievne på Omastrand**

Svært lite tilrettelagt. Bør vera klart skilje til næringsområdet.

**Øystese, sentrum**

Midt i sentrum, attraktivt område for tilreisande og fastbuande. Stort potensiale. Mogleg med meir tilretteleggjing.

**Norheimsund sentrum**


Midt i sentrum, attraktivt område for tilreisande og fastbuande. Stort potensiale.

Frist for å søkja vert truleg den 15.januar 2023.


**Vurdering:**

Når Kvam herad no går vidare med søknadane vil det vera slik at "Eiendommen kan ikke nyttas til annet enn friluftslivsformål uten samtykke fra staten v/Miljødirektoratet". Det vil framleis vera kommunen står som eigar og kommunen i lag med friluftsrådet, som har drifts- og tilsynsansvaret for området. Kommunen må som eigar tinglysa ei erklæring på friluftslivsområdet når staten ved Miljødirektoratet medverkar til sikring, der det vert lagt til grunn at: «"området ikkje kan nyttast til anna enn friluftslivsformål for ålmenta utan etter samtykke frå Miljødirektoratet". Det må lagast enkle forvaltningsplanar som viser trong til kostnader ved tilretteleggingstiltak. Bergen og omland friluftsråd, har sagt seg villige til å vera med på det arbeidet.

**Auganesstronda**




Opphavleg utgangspunkt



Nytt forslag

Grunngjeving. Området er regulert til småbåthamn. Minus at parkeringsplassen og toalett til rasteplassen fell ut. Naustet på gnr 77 bnr 100 er privat og vert trekt ut.

## Bersestronda




Opphavleg utgangspunkt




Forslag om at området vert uendra

## Ljonesvågen



Opphavleg utgangspunkt




Nytt forslag


Grunngjeving. Innspel i frå grendeutvalet. Private eigedommar.

## Ploganeset





Opphavleg utgangspunkt



Forslag om at det vert uendra

## Tangeråsneset



Opphavleg utgangspunkt





Nytt forslag

Grunngjeving. Meir tilpassa friområdet på staden.

## Breievne




Gnr 129 bnr 8





Nytt förslag

Øystese sentrum



Opphavelig utgangspunkt


Forslag om at det vert uendra.

Stronde -Øystese sentrum



Nytt forslag i frå Øystese grendeutval

## Norheimsund sentrum



Opphavleg utgangspunkt



Nytt forslag

Grunngjeving. I samsvar med vedtaket i heradsstyret før høyringa. Fylgjer strandlina, slik den er i dag.

Områda vil sikra ålmenta sin tilgang til sjøen både i sentrumsområda og elles på dei utvalde områda. Områda og arbeidet vert ført vidare i lag med Bergen og omland friluftsråd.